



Sprengningsservice Vidar Dyrøy Andreassen
Vardevegen 80
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7869 - 23/38485

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
07.06.2023

Løyve til riving av våningshus, oppføring av ny einebustad, omlegging av veg, og ny avkjørsle - gbnr 85/3 Kvalvåg

Administrativt vedtak: Saknr: 514/23
Tiltakshavar: Vidar Dyrøy Andreassen
Ansvarleg søkjar: Sprengningsservice Vidar Dyrøy Andreassen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til igangsetting av riving av bygnad (nr. 176226323), oppføring av ny einebustad, samt omlegging av veg på gbnr 85/3 slik det vert søkt om. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 06.10.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.
3. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til på kopling datert 08.05.2023, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
4. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i sak 065/23 vedtak 23/104 – 23/4427, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
5. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via privat veg. Veg og avkøyrse skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 27.04.2023/ godkjent situasjonsplan datert 06.10.2022.

Kommunen godkjenner Vidar Andreassen som sjølvbyggjar jf. SAK10 § 6 – 8.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Ferdigattest/ mellombels bruksløyve for veg og avkøyrse.
2. Avfallsplan/ skildring av miljøsanering skal liggja føre.
3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av eksisterande våningshus frå ca 1910, med adresse Osnesvegen 11, og oppføring av ny einebustad på to etasjar på same grunnflate som det opphavelge. Bruksareal (BRA) er opplyst til 213 m², og bygd areal (BYA) på 135 m² inkl. parkering på 50 m², er opplyst til totalt 185 m². Berekna areal på eigendommen er 314357 m². Ny utnyttingsgrad er oppgitt til 0,2 % BYA.

Våningshuset som skal rivast (114m²) har bygningsnr.176226323, og er i planregisteret ikkje Sefrak registrert. Garden er per i dag i drift. Noverande eigar skal pensjonera seg, men blir buande på garden i kårhuset der vedkommande bur i dag (Osnesvegen nr.9/ bygningsnr. 9875441). Det er planlagt tinglyst burett i forbindelse med generasjonsskiftet.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett, opparbeiding av ny avkøyrse, omlegging av veg, samt parkering. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Tiltaket er nabovarsla. Det er ikkje kome inn merknader til tiltaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.10.2022, og supplerande opplysningar mottatt den 29.01.2023, samt den 15.05.2023.

Situasjonsplan	Bygnad som rivast	Ny einebustad
 <p>Situasjonsplan/ opphavelge situasjon</p>	 <p>Det gamle våningshuset på eigendommen skal rivast.</p>	 <p>Ny bustad skal oppførast på tufta til det gamle huset.</p>

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Følgjande dokumentasjon vart etterspurt ved brev av 02.01.2023:

1. Teikningar må supplerast med kotehøgde på planering, OK golv, gesims, og mønehøgde.
2. Søknad må supplerast med BRA opplysningar.
3. Omlegging/ etablering av ny veg krev dispensasjon frå LNF føremål.
4. Ansvarleg føretak må sende inn rørleggjarmelding med omsyn til vassforsyning/ tilkopling til offentleg vassverk.
De kan nytte dette skjemaet; [Rørleggjarmelding \(KF-570\)](#)
5. Det må søkjast Miljø og Tilsyn med omsyn til oppgradering av avløpsanlegget. Tiltaket krev utsleppsløyve etter forureiningslova, samt ansvarleg føretak. Administrasjonen gjer merksam på at det ikkje kan gjerast vedtak i saka før løyve føreligg.
6. Bilete eller teikningar av bygnaden som skal rivast.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 29.01.2023.

Tiltakshavar vart gjort oppmerksam på at tiltaket krev dispensasjon med omsyn til avstandskravet frå kommunal veg, og søknad knytt til ny avkøyrslø, med brev den 03.02.2023. Tiltakshavar blei samstundes gjort merksam på at ny veg og avkøyrslø var i konflikt med kommunal og privat vassleidning på staden, og at tiltaket krev dispensasjon frå avstandskravet på 4 meter.

Søknaden blei supplert med slik dokumentasjon, med brev den 15.05.2023:

- Sak **23/103** - Utvendig arbeid - rørleggjarmelding
- Sak **23/3409** - Innvendig arbeid - rørleggjarmelding
- Sak **23/2281** - Avkøyrslø
- Sak **23/2282** - Dispensasjon frå byggegrense mot veg
- Sak **23/104** - Utsleppsløyve

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 30.05.2023, og frist for sakshandsaming er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigendommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Lindåsosane, Lygra, og Lurefjorden sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Eigendommen er omfatta av hensynssone 510 Landbruk.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 20 % BYA.

Dispensasjon

Riving av den opphavelige bygnaden og oppføring av ny bustad på same staden, krev dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg. Avstand til offentleg veg er opplyst til 12 m frå vegmidte. Alver kommune avd. Samferdsel veg,- vatn,- og avløp forvaltning har handsama søknaden om dispensasjon med vedtak datert 08.05.2023, sak nr. 23/2282 – 23/35478.

Tiltaket krev også dispensasjon frå avstandskravet til offentleg leidningsnett med omsyn til omlegging av veg og etablering av ny avkøyrsløse. Alver kommune Avd. Samferdsel veg,- vatn,- og avløp forvaltning har gjeve dispensasjon på vilkår, med vedtak datert 30.05.2023, sak nr. 23/4242 – 23/40854.

Uttale frå anna styresmakt

Saka har vor sendt til Alver kommune avd. Kultur, Alver kommune avd. Landbruk, Alver kommune avd. Samferdsel veg,- vatn,- og avløp forvaltning, samt til Vestland Fylkeskommune med brev datert den 29.12.2022.

Det er henta inn slik uttale frå Alver kommune avd. landbruk, den 09.02.2023:

Eigar av gnr. 85, bnr. 3 har søkt om å få rive bustadhuset på bruket. Bustadhuset er ein eldre bygning frå om lag 1910. Det skal førast opp nytt bustadhus på tuftene av det gamle og utan å auke grunnflata. Tiltaket vil ikkje påverke jordbruksarealet på bruket og ein treng ikkje løyve etter jordlova § 9. Utover dette ser vi på tiltaket som ein viktig del av å utvikle bruket, noko vi helsar velkommen.

Utover dette har Alver kommune, landbruk ikkje merknader til saka.

Det er henta inn slik mellombels uttale frå Vestland Fylkeskommune, den 27.02.2023:

Mellombels kulturminnefagleg fråsegn – Ber om utfyllande dokumentasjon i saka

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 29.12.2022 om ovanfor nemnde sak. Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Saka gjeld søknad om riving av eldre våningshus på gnr. 85 bnr. 3, i Alver kommune. Saka er ikkje tilstrekkeleg opplyst. For at Vestland fylkeskommune skal kunne gje kulturminnefagleg fråsegn i denne saka, treng vi meir dokumentasjon.

Eigedomen ligg i eit uregulert område i Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011–2023. Mellombels vil vi gjere merksame på kommunedelplanen sine generelle føresegner som i § 1.19, kor det står at verneverdige enkeltbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne i størst mogleg grad skal takast vare på som bruksressursar og setjast i stand.

Våningshuset er ein eldre gardsbygning i eit godt bevart eldre kulturlandskap som kan ha verneverdi. Informasjon om alderen på huset er mangelfull. I søknaden kjem det ikkje fram kva type hus det er, kva byggjemåte ein har nytta eller kva material som er nytta. For å vurdere saka må vi få fleire bilete av bygningen og dei nære omgjevningane, ei nærare utgreiing av teknisk tilstand, og om mogleg bilete av konstruktive element slik at det er mogleg å vurdere alder.

Vi ønskjer samstundes informasjon om Alver kommune sine eigne kulturminnefaglege vurderingar i saka. Elles vil vi vise til at Alver kommune for tida arbeidar med ein ny arealdel for KPA Alver, og at det er satt i gang eit arbeid med ein felles og oppdatert kulturmiljøplan for kommunen. Vi ber om at rivningssakar vurderast nøye i lys av nye nasjonale signal om berekrafta knytt til kulturminna.

Vestland fylkeskommune vil gi endeleg fråsegn når saka er tilstrekkeleg opplyst. Vi ber om at kommunen ikkje gir løyve til omsøkt tiltak før endeleg kulturminnefagleg fråsegn ligg føre.

Alver kommune avd. kultur skriv i brev av 22.02.2023 slik:

Beklager manglande tilbakemelding. Kultur har for tida ikkje kapasitet til å koma med uttale saker som gjeld kulturminne som ikkje har vern gjennom omsynssone eller føresegner eller som openbart har svært høg kulturminneverdi.

Supplerande dokumentasjon frå tiltakshavar vart oversendt kommunen, og lagt til saka den 29.01.2023, vidare oversendt Vestland Fylkeskommune den 27.02.2023.

Det er henta inn slik uttale frå Vestland Fylkeskommune, den 03.03.2023:

Viser til svar på mellombels kulturminnefagleg fråsegn frå Vestland fylkeskommune, dagsett 27.02.2023. Saka gjeld riving av eldre våningshus på gnr. 85 bnr. 3 i Kvalvåg i Alver kommune. Vi etterlyste utfyllande informasjon om bygningen som vert planlagt rive.

Det vert vist til at huset ikkje er SEFRAK-registrert og at huset dermed vurderast som etter 1850. Vi gjer merksame på at SEFREK-registeret er eit avslutta register og kan ha manglar og feil. Byggjeåret vert oppgitt til 1910, men dette er ikkje dokumentert av søkjar eller av Alver kommune. Lengda på huset på bileta kan tyde på at det er ein tradisjonell lemstove med tredelt symmetrisk grunnplan, og at huset dermed kan vere sett saman av bygningssdelar frå eldre bygningar.

Vi har etter dette motteke noko meir dokumentasjon gjennom fotografiar av huset. Fotografia tydar på at huset er i ein høvesvis dårleg tilstand. Sjølv om dateringsopplysingane er usikre vil me derfor ikkje motsette oss riving av bygningen. På den andre sida er det viktig å sikre kunnskap om bygningen før den eventuelt vert riven, fordi lemstova har vore svært viktig for byggjeskikken i Nordhordland, samstundes som bevaringa av eit representativt utval av bygningstypen i dag er truga av riving og ombygging.

Vi rår til at det vert stilt krav om antikvarisk dokumentasjon av våningshuset før det var gjeve løyve til riving, og at denne dokumentasjonen vert send til Vestland fylkeskommune slik at huset kan registrerast i kulturminnedatabasen Askeladden. Dokumentasjonen bør inneholde situasjonsplan, fotografi frå alle himmelretningar, foto frå eksteriør og interiør, ein målsatt prinsippsskisse med eldstadar inkludert og ein kort oppsummering av historikk. I dette tilfellet bør også tømmerkonstruksjonen fotograferast nøye når den vert avdekket, slik at datering kan sannsynleggjerast ut frå typologiske vurderingar av laftinga og tilhogginga/saginga av tømmeret.

Det er henta inn slik uttale frå Alver kommune avd. Samferdsel,- veg,- vatn,- og avløp den

Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har ingen merknader på at det vert gitt løyve til å rive eksisterande våningshus for oppføring av nytt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 06.10.2022. Situasjonsplanen syner at den nye bustaden skal oppførast på tufta til det gamle våningshuset. Plassering av avløpsanlegget går fram av situasjonskart datert 27.10.2022 i sak 23/104.

Avstand til offentleg veg er opplyst til 12 m frå vegmidte.

Det er søkt om topp golv på kote ca. + 30.08, og mønehøgde på kote ca. + 37.70.

Det er søkt om planeringshøgde på kote + 30,40.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup.

Tiltaket skal knytast til offentlig vassverk og privat avlaup.

Det ligg føre godkjent røyrleggjarmelding datert 08.05.2023, sak 23/3409 – 23/35410. Vedtaket gjeld innvendige arbeider.

Det ligg føre godkjent røyrleggjarmelding datert den 08.05.2023, sak nr. 23/103 – 23/35394. Vedtaket gjeld utvendig arbeid.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve på vilkår i sak 23/104 – 23/4427 administrativt vedtak sak nr. 065/23 datert 17.01.2023. Utsleppsløyve gjeld utslepp av avløpsvatn ved minireinseanlegg.

Det ligg føre slik teikning som syner plassering av avløpsanlegget:




Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg.

Avkøyrsløse til offentlig veg er godkjent av vegstyresmakta i sak/ vedtak 23/2281 – 23/32087 datert 27.04.2023. Avkøyrsløsa skal vere ny tilkomstveg til både Osnesvegen nr 9, og Osnesvegen nr. 11.

Teikningane syner endra/ ny situasjon:



Situasjonsplanen viser oppstillingsplass/ framtidig garasjeplassering for 2 bilar.

Oppføring av garasje må det søkjast om i eiga sak.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser utomhusareal, gangtilkomst, parkering/ garasjeplassering, og avkøyrsløse. Teikningar/ snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan jf. Byggteknisk forskrift (TEK17) § 9-6 bokstav c)

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Ansvarsrettar

Tiltakshavar har søkt ansvarsrett som sjølvbyggjar for heile tiltaket (PRO og UTF), og viser til følgande for å sannsynleggjere naudsynt kompetanse:

Lang erfaring innan anleggsbransjen, leiing av små og store prosjekt, samt grunnleggande god kjennskap til plan og bygningsloven. Eigen CV som syner arbeidserfaring, utdanning, kurs, sertifikat, samt relevante referanse prosjekter er vedlagt søknaden.

Det er ved søknad opplyst om at det til fagområda bygg, elektro, innvendig VVS, samt uavhengig kontroll, vil det bli brukt godkjente føretak for representative fagfelt. Tiltakshavar opplyser at det skal utførast etter følgande gjennomføringsplan:

- Grunnarbeid, betong og utvendig VA anlegg utføres av tiltakshaver.
- Bygget oppføres av byggmesterfirma
- Innvendig VVS installasjoner utføres av autorisert rørleggerfirma
- El installasjoner utføres av autorisert elektroinstallatør
- Tegningsgrunnlag prosjektering utført og kvalitetssikret av Byggm. Bjørn R. Kvinge AS
- Uavhengig kontroll våtrom og lufttetthet Byggm. Bjørn R. Kvinge AS

Administrasjonen vurderer tiltaket i tiltaksklasse 1/ liten kompleksitet, og godkjenner ansvarsrett etter byggesaksforskrifta SAK10 § 6-8.

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket avsluttast med innsending av naudsynte opplysningar for kommunens utskrivning av ferdigattest jf. pbl. § 23-4.

Alt arbeid knytt til tiltaka skal utførast i samsvar med gjeldande føresegn, TEK17, samt plan og bygningsloven.

Riving/ antikvarisk dokumentasjon

Kommunen gjer merksam på at me ikkje har heimel til å krevje innsending av dokumentasjon av bygnaden som skal rivast, slik Vestland Fylkeskommune rår til at det vert satt krav til i uttale frå dei.

Vi viser til skriv frå Fylkeskommunen, og oppmodar likevel tiltakshavar til at våningshuset som skal rivast vert dokumentert for ettertida ved at dokumentasjon vert sendt inn for registrering i Askeladden kulturminnedatabase.

Plassering av tiltaket

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre samtykkjeerklæring med omsyn til tiltaka på eigendommen, signert heimelshavarar på gbnr 85/3 Osnesvegen 11. Det går fram at vedkommande gjer samtykke til å rive eksisterande våningshus, oppføre nytt våningshus, samt til å leggje om innkøyrse og gardsveg slik de har søkt om. I tillegg gis det samtykke til oppgradering av avløpsanlegget, med utslepp til jordbruksgrøft.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

GENERELL INFORMASJON

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2.
- Krav om ansvarleg føretak er gitt i plan- og bygningslova § 20-3.
- Søknad om dispensasjon vert handsama etter plan- og bygningslova § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.

- Nabo og gjenbuarar skal ha varsel om tiltak i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.
- Krav om tilgang til vatn og avlaup finn du i plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Krav til tilkomst til offentleg veg finn du i plan- og bygningslova § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/7869

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

E1 - A40-02 Fasade N-V OG N-A _ v4

E2 - A40-01 Fasade S-A OG S-V _ v4

E3 - A30-01 Snitt A og B _ v4

E4 - A20-02 Plan 2. Etasje v4

E5 - A20-01 Plan 1. Etasje v4

Søknad om tillatelse til tiltak - riving og oppføring av nytt våningshus - gbnr 85/3 Kvalvåg

Søknad om tillatelse til tiltak Gnr/Bnr 85/3, Onesvegen 11

D1 - A10-01 Situasjonsplan _ SK

D2 - Situasjonsplan VA

F1 - Redegjørelse

Mottakarar:

Ingvild Kvalvåg	Vardevegen 80	5953	FONNES
Spregningsservice Vidar Dyrøy Andreassen	Vardevegen 80	5953	FONNES
Vidar Dyrøy Andreassen	Vardevegen 80	5953	FONNES